



Frid Anette Amundsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/7599 - 23/85365

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:

06.11.2023

## Melding om utført endring av bygningstype i matrikkel - gbnr 133/46 Soltveit søndre

**Etter forespørsel frå deg dat 29.09.23. har kommunen utført endring av bustadhus frå bygningstype 112 einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til bygningstype 111 einebustad.**

### Vurdering:

Samanslåing av brukseiningar er eit søknadspiktig tiltak, dersom kommunen finn at bygget er omsøkt og godkjent med fleire brukseiningar tidlegare. Ditt bustadhus synes på dei eldste flyfoto me har frå 1966 og er oppført før Plan- og bygningslova trådde i kraft, og er då unntatt frå denne søknadsplikta. Me har ikkje funne saker i kommunale arkiv som seier noko om opphavet til dette bygget.

Saka har vore hjå byggesaksavdelinga, men er overført til kart og oppmålingsavdelinga utan kommentar/merknad.

På eit eller anna tidspunkt har kommunen registrert aktivitet i underetasjen på dette huset (var på eit tidspunkt ein slags musikkverkstad?) og har nok tildelt adresse ut i frå det. De opplyser at det ikkje er leiligheit i underetasjen, at dette er ein einebustad og ber difor om at bygningstypen vert retta. Kommunen legg til grunn at opplysningane de gjev er rette.

Bilder frå Google Maps viser at det er bygd stor terrasse på nedsida av huset, og ein vil då tru at lokala som befinn seg i underetasjen då ikkje vil vera eigna for bustad. Dersom det skulle verte etablert bueining her, skal slike registrerast i matrikkelen, og ha tildelt eiga offisiell adresse.

### Konklusjon:

Kommunen har no sletta eine brukseininga og eine adressa- og har omadressert bueininga frå Radøyvegen 115B til Radøyvegen 115. Adressa di vert automatisk registrert av folkeregisteret etter oppdatering i deira system.

De treng altså ikkje melda flytting til folkeregisteret, eller andre offentlege instansar, men det kan vere greitt at de tek kontakt med NGIR og gir melding om at de har fått sletta ei

bueining- for raskare oppdatering. Det kan også vera aktuelt å melda adresseendring til private kontaktar.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

De vil få eit formelt vedtak om adresseendringa.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

133-46 einebustad før retting  
133-46 einebustad etter retting

**Kopi til:**

NGIR forvaltning

**Mottakarar:**

Frid Anette Amundsen